

Norsk Kjemisk Selskap – faggruppe for Analytisk Kjemi:

Ærespris til Yngvar Thomassen

Norsk Kjemisk Selskap – Faggruppe for Analytisk Kjemi sin Ærespris vart 18. juni 2013 tildelt professor Yngvar Thomassen på bakgrunn av forskning av høg internasjonal kvalitet, utdanning av studentar innan analytisk kjemi, og for hans mangeårige innsats som drivkraft for ei rekkje nasjonale, nordiske og internasjonale konferansar.

Overrekkinga av prisen vart markert i Tromsø i forbindelse med XXXVIII Colloquium Spectroscopicum Internationale (<http://site.uit.no/csi2013/>). Æresprisen, som utgjer NOK 20.000, vart tildelt av leiar i Faggruppe for Analytisk Kjemi, Elin Gjengedal. Tildelinga vart markert med eit invitert foredrag av professor emeritus Freddy Adams, The University of Antwerp, Belgia.

Yngvar Thomassen er utdanna cand. real. frå Universitetet i Oslo i 1973. Han har hovudfag i kjemi, spesialretning analytisk kjemi. Sidan 1976 har han vore tilsett ved Statens arbeidsmiljøinstitutt, der han i dag er forskningssjef for kjemi ved avdeling for kjemisk og biologisk arbeidsmiljø. Sidan 2004 har Thomassen vore knytt til Universitet for Miljø- og Biovitenskap, Ås, gjennom ei stilling som professor II.

Professor Thomassen sin vitenskaplege produksjon tel om lag 160 publikasjonar i internasjonale tidsskrift med fagfellelvurdering. Eit søk i ISI Web of Knowledge ga i 2013 ein h-indeks på 32. Tidleg fokuserte han på atomspektrometri og andre spektrometriske metodar for bestemming av essensielle og toksiske grunnstoff med særleg vekt på elektrotermisk atomabsorpsjonspektroskopi. Seinare har han hovudsakelig nytta induktivt kopla plasma teknikkar, både optisk og høgoppløyselig massepektrometri, som reiskap for å karakterisere yrkeseksponering. Han har eit utstrakt samarbeid med forskingsmiljø i Norge og



Ærespris til Yngvar Thomassen.
(foto: János Fucskó)

utlandet. Sidan han vart uteksaminert frå Universitetet i Oslo i 1973 har han halde om lag 275 foredrag, der av 105 inviterte, på større internasjonale konferansar og symposia. Han har publisert i tverrfaglege samarbeid med forskarar frå alle kontinent med unntak av Australia. Hovudtyngda av

publiserte arbeid er utført i samarbeid med land i aust, særleg Russland.

Thomassen har hatt ei rekkje verv. Han har teke del i redaksjonsråd for vitenskaplege tidsskrift; The Analyst, Analytical Communication and Scandinavian Journal of Work, Environment and Health, Journal of Environmental Monitoring, Journal of Trace Elements in Medicine and Biology. Han var i perioden 1983-91 medlem i IUPAC (internasjonal organisasjon for rein og anvendt kjemi), Commission on Toxicology, og sidan 2011 i Analytical Chemistry Division. I IUPAC initierte han utvikling av sertifisert referansematerialer for kroppsvæsker som ledd i å kvalitetssikre kvantitativ bestemming av spormengder av grunnstoff og organiske metabolitter.

Gjennom meir enn 20 år har Yngvar Thomassen initiert og teke ansvar for å arrangere faglege konferansar i norsk eller nordisk regi. Han er medlem i organisasjonskomitear og rådgjevar for konferansar i utlandet, men har også plassert Norge på kartet ved å ta ansvar for å arrangere store internasjonale konferansar i Norge, innan analytisk kjemi, miljø og biologiske fagområder. Han var seinast 16.-20. juni 2013 leiar for organisasjonskomiteen for XXXVIII Colloquium Spectroscopicum Internationale – Eit vellukka arrangement der tilreisande også fekk oppleve midnattssola og storlagen norsk natur.